



# ÅRSMELDING 2022

---

## ÅRSMELDING

### **IL JOTUN HANDBALL**

*for perioden*

*1. januar 2022 til 31. desember 2022*

---

## **PÅ VEG MOT HUNDRE!**



1. Velkommen
2. Konstituering
3. Årsmelding
4. Rekneskap 2022 for aldersbestemt handball
5. Budsjett 2023 for aldersbestemt handball
6. Rekneskap 2022 for handball senior
7. Budsjett 2023 for handball senior
8. Val



## 1 STYRET SI SAMANSETJING I 2022

Leiar:	Gunnar Christian Huse	2021-2022
Nestleiar:	Marita Midtun	2022-2023
Sekretær:	Anette Svori	2021-2022
Økonomileiar:	Thea Gloppen	2021-2022
Styremedlem, sportsleg leiar:	Benjamin Nese	2022-2023
Styremedlem:	Hilde Midtun	2022-2023
Styremedlem:	Vibeke Fusche Moe	2021-2022

## 2 GRUPPER – UTVAL – KOMITEAR

Sportsleg leiar har samane med ei trenargruppe utarbeida eit framlegg til sportsleg plan for Jotun handball. Planen ligg no føre, og skal handsamast i styret våren 2023.

Basaransvarleg 2022: Monica Hybertsen da Silva

Styret har vedteke at foreldre på J12 og G12 skal vere ansvarlege for gjennomføringa av basaren. Andre som hjelper til på basaren er: oppmenn/ foreldrekontaktar, frivillige og kvinner senior.

Ansvar for laga som er under aldersbestemt nivå: Anette Svori.

Ansvar for kiosk/lager: Marita Lindborg.

## 3 MØTE, ARRANGEMENT OG ANDRE AKTIVITETAR

### Styremøte:

Det har vore ni styremøte i løpet av årsmøteperioden, der det har vore handsama 15 saker. Det har vore omlag eitt styremøte annakvar månad, utanom sommarmånadane. Utover dette samarbeider styremedlemmane gjennom e-post.

### Andre møte:

Det har vore halde informasjonsmøte med spelarar, trenarar og støtteapparat. Det har og vore gjennomført fleire møte med seniorspelarar, og møte i samband med basaren. Styret har og hatt besøk av Camilla Sandhaug frå regionen.

Styreleiar i gruppa har delteke på hovudstyremøta.

Utover dette har leiar og andre i styret delteke på Teams-møter arrangert av Handballforbundet, Region Vest, samt på handballtinget som representant frå region vest.

**Inntekstgjevande arrangement:**

Den årlege basaren blei gjennomført måndag 5.desember. Den ga nok ein gong svært gode inntekter til handballgruppa. Det var eit svært godt sal på loddbøkene før basaren og det var svært godt oppmøte på sjølve basaren, det verkar som tilstandane er tilbake på same nivå som det var før korona-pandemien. Organiseringa av dette arrangementet fungerte bra, og komiteen hadde svært god kontroll på arrangementet. Takk til alle som bidrog på alle måtar, både med gevinstar og på ein eller annan form for dugnad.

**Aktivitetar:****Handball for spelarar under aldersbestemt nivå:**

Ungar i alderen 1.-4.klasse får eit balleik-tilbod gjennom allidrett, som er regulert i aktivitetsplanen som blir lagt til rette av allidrettsgruppa. Utanom dette har ungene som er elevlar i 3. og 4.klasse (J/G 8 og 9) treningar annakvar torsdag og. Desse laga har hatt eit tilbod om å delta på tureringar i sone 3. J/G 9 blei meldt på turnering frå sesongstart, men sidan det ikkje var eit tilbod frå regionen i sone 3 for G9, blei desse meldt på i G10. Når det gjeld G/J8 ynskte ikkje dei å delta på turneringar i haustsesongen, men dei har kome i gang med turneringar no over nyttår. Treningarane melder om stort sett bra deltaking på treningane, men det er noko utfordringar med tanke på oppmøte knytt til J9-laget.

**4 SPONSORAR****Sponsorar:**

Draktsponsor: Hydro Aluminium Årdal

Plakatsponsorar i Årdalshallen:

- Sogn Opplæringskontor
- BDO
- Monter Andersen
- Sogn Skadeservice
- Olav O. Hæreid
- Indre Sogn Bil
- Klingenberg hotell
- Sogn Sparebank
- Toyota Sogn
- Kleiven Sogn
- Sportshuset Årdal
- Sparebank1
- Elektromontasje AS
- Lerum AS

IL Jotun Handball har vorte støtta med gåver til basaren og kamplotteri frå fleire bedrifter. Me ønskjer å takke alle bedrifter og næringsdrivande som har støtta oss.

---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**

**Telefaks**

**Foretaksregisteret**  
975 702 308



## 5 MEDLEMSTAL

Ved utgangen av 2022 har me 111 barnemedlemar, og 50 vaksne medlemar. Samla utgjør dette 151 medlemar. Dette er ganske jamne tal med tidlegare år.

## 6 TRENARAR/STØTTEAPPARAT/ORGANISASJON

Trenarar og støtteapparat for laga:

Lag	Trenar	Oppmann
G10	Anne Steinheim og Stian Listhaug	Karianne Gudvangen
G11	Heidi Svori	Heidi Svori
G14	Samarbeidslag med ÅTIL Nina Jevnaker	Tonje Stølen
J10	Anita Kristin Sviggum, Hilde Midtun og Zsofia Rezi	
J11	Anette Svori	Zsofia Rezi
J13	Karianne Gudvangen, Geir Inge Agledal og Marita Hestetun	
J14	Stine Straumsheim Kauppi, Terje Sylvarnes og Sandra Rinde	Lisell Måren
J16	Jannicke Øyre Nundal , Vibeke Fusche Moe og Adelheid Nes	Marita Lindborg
Senior	Jannicke Øyre Nundal, Vibeke Fusche Moe, Marianne Hestetun og Adelheid Nes	Ellen Veum

Føljande lister er reviderte av styret i løpet av sesongen:

- Informasjonsbrosjyre for IL Jotun aldersbestemt handball
- årshjul
- arrangørdagbok vår og haust
- oversikt over alle trenarar og støtteapparat med e-post-adresser og telefonnummer
- arrangementsliste for heimelkampar
- oppmannsperm

## 7 UTDANNING

Handballgruppa har tre trenarar som har starta på trenar-1 utdanning denne hausten. Dei har gjennomført fire modular. Det var i utgangspunktet sett opp to modular i idrettshallen og, men desse blei avlyste.

## 8 REPRESENTASJON

Styret har vore representert på kampoppsettmøte for gamle Sogn og Fjordane og sonesamling for styret, arrangert av Region Vest.

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**

**Telefaks**

**Foretaksregisteret**  
975 702 308



## 9 SPORTSLEGE RESULTAT

Etter eit par år prega av korona-pandemi, og svært ustabile forhold, med tanke på gjennomføring av kampar og turneringar, har me denne hausten opplevd at alt har stabilisert seg med tanke på kampaktivitet. Det har vore bra med folk på tribunene under kampar, og stemninga i hallen har vore svært god. Når det gjeld dei sportslege resultatata, kan desse beskrivast som noko ujamne. I dei aldersbestemde laga ser ein ei tydeleg utvikling hjå dei ulike laga, og dei fleste laga har opplevd både sigrar og tap, noko som er sunt for idretten, og som bidreg med motivasjon til halde fram for å utvikle seg endå meir.

Når det gjeld Seniorlaget i klubben ser me at det tek tid når det gjeld å bygga opp eit nytt lag. Siste halvdel av sesongen 21/22 forsvann i mykje koronasjukdom, og vart såleis ikkje fullført på ynskjeleg vis, medan første halvdel av sesongen 22/23 har vore fullstendig og laget har fått spelt kampar på normalt vis. Målsettinga for laget var å få ei stabil treningsgruppe, og dette målet er innfridd, noko som trenarar og støtteapparatet rundt laget er godt nøgde med. Sjølv om prestasjonane har vore variable med tanke på resultat, er det viktig å ha fokus på det gode ein kan bygge vidare på. Litt over halvvegs i sesongen ligg Jotun på niande plass med tre sigrar og ni tap, og har i periodar spelt svært jamt med dei andre laga.

## 10 ØKONOMI

### Aldersbestemt:

IL Jotun aldersbestemt handball har framleis ein sunn og god økonomi. Likviditeten er god. Inntektene dette året kjem hovudsakleg frå overføringar frå hovudlaget. I tillegg har aldersbestemt saman med senior hatt gode inntekter på det største arrangementet for handballgruppa– den årlege basaren.

### Senior:

Økonomien for seniorlaget er tilfredsstillande for vidare drift av laget, både inneverande og komande sesong.

## 11 ANLEGG

Hovudarenaen for trening og kampar er Årdalshallen.

Det er viktig med god planlegging når det gjeld tildeling av halltimar, slik at hallen vert godt utnytta og at alle, så langt det let seg gjere, får oppfylt sine ynskje for treningstider. For å utnytte halltidene mest mogeleg er det no fleire lag som nyttar halltida si saman.

Det er nok ein gong viktig å understreka at handballgruppa må ha prioritet når det gjeld bruk av Årdalshallen i handballs sesongen. Det er også viktig at sommaridrettane ikkje legg sine treningstider slik at ungdommane må velja kva dei skal delta på i vekedagane om vinteren.

---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**

**Telefaks**

**Foretaksregisteret**  
975 702 308



## 12 OPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM

Etter to år med korona-pandemi, har det endeleg blitt meir stabilt med tanke på gjennomføring av kampar og turneringar dette året. Det har og normalisert seg med tanke på kor mange ein kan vere på eit møte og på tribuna, noko som har ført til at arrangement kan gjennomførast. Det er og gledeleg å melde at publikum møter opp igjen på kampar, og bidreg til svært god stemning i idrettshallen.

Når det gjeld oppgåver i året som kjem, ser styret at det er fleire oppgåver og aktivitetar som må settast i system, og som me må få ein plan på. Me ynskjer å arbeide for å få til: rekruttering av dommarar, trenarutdanning, turnering og målsetjingar knytt til sportslege resultat.

Handballgruppa ynskjer i tillegg å ha auka fokus på keeperferdigheitene til spelarane, samt utvikling av spelarar knytt til deltaking på ulike samlingar som er arrangert av regionen. Det er ynskjeleg å ha spelarar som delt på desse.

Styret vil og halda fram arbeidet med å utvikla handballgruppa som organisasjon. Det er eit mål å få dokumentert og utvikla system for korleis me driv og skal driva handballgruppa framover, og dette ser me på som ei av dei største og krevjande utfordringane for styret. Me ynskjer sjølvsagt også å halde fram det gode arbeidet som er starta på i 2022.

Det må og jobbast godt med rekruttering for å behalda og auka medlemstal i IL Jotun handball. Styret si oppgåve vil i denne samanhengen vere å lage så gode rammevilkår for trenarar og spelarar som mogeleg, slik at klubben kan underbygga målsetjingane sine om å vere eit godt sportsleg alternativ for ungdommane i Årdal.

Styret opplever at det er ei utfordring å få fleire til å delta aktivt i organiseringa rundt dei forskjellige laga i gruppa, spesielt oppmenn/kvinner.

Elles ser styret fram til å ta sportsplanen i bruk denne sesongen. Etter mykje arbeid mellom sportsleg leiar og ei trenargruppe, er den klar til bruk.

I tillegg må det også jobbast vidare med følgjande i året som kjem:

- Inntektsbringande tiltak
- Organisering av handballgruppa
- Haldningar (hjá trenarar, foreldre og spelarar)

Det må og jobbast med ein strategiplan for handballen dei komande åra, både med tanke på det sportslege og det administrative, slik at ein får ein fast struktur og langsiktig plan i arbeidet. Dette er eit arbeid som styret så smått har starta på, men som må få meir fokus i året som kjem, og for å engasjere heile handballgruppa i Jotun.

## 13 SPELARUTVIKLING

Det er nokre spelarar frå Jotun som har delteke på samlingar i regi av handballforbundet, region vest denne hausten. Det er ein spelar som delteke på bylag J16, og ein som har delteke på RUM-samling.

## 14 SAMARBEID

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



---

IL Jotun Handball ynskjer å takke sponsorar, gode støttespelarar, trufaste hjelparar og andre som har stilt opp i året som har gått. Det er mange som bidreg med ulike oppgåver, både med og utan verv. Skal me lukkast med vidare satsing på breidde innan handballsporten i Årdal, er me heilt avhengige av dykk.

---

**Postadresse**

IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**

Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon****Telefaks****Foretaksregisteret**

975 702 308

## VEDLEGG 1

### Lag

#### Informasjon frå dei ulike laga i aldersbestemt handball:

##### G10

Det er Anne Steinheim og Stian Listhaug som trenar G10, mens Karianne Gudvangen er oppkvinne. Da me starta i haust var me tretten gutar, mens no er me nede i elleve. I fjor var me ni gutar, så me starta sesongen med fire nye. Av dei fire nye, så er det to som har slutta.

Me trenar ein gong i veka saman med G11 (født 2011). Det fungerer veldig godt, da me blir ein stor gjeng og får gode treningar ut av det. G10 er ein ivrig gjeng med stort konkurranseinstinkt, på godt og vondt.

I haust søkte G10/G11 ÅBBL om støtte til innkjøp av nye ballar til alle spelarane og ein bag til kvart lag. Me fekk meir enn me søkte om, og vil nytte resterande midlar til ein sosialkveld når sesongen er over.



##### G11

Trenar og oppmann: Heidi Svori.

Me er ei gruppe på sju gutar fødte i 2011, og ein som er fødd i 2010. Me har trena saman med G 10 kvar tysdag, og dette har fungert godt (ein time i veka klokka 16-17), då er me ei treningsgruppe på 14- 17 spelarar kvar gong. Gutane er ivrige, og dei har eit veldig godt oppmøte. Ein av gutane begynte på handball etter at me var i gang, og ingen har slutta.

---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**

**Telefaks**

**Foretaksregisteret**  
975 702 308



Me har kun spelt to kampar fram til no, fordi det er så få lag som spelar handball i G11- serien i fylket. Det er og lag som har trekt seg, og eitt av laga klarte ikkje å stille lag då dei skulle spele i Årdal. Me har att seks kampar denne sesongen, og håpar å få spele desse. Elles var terminlista veldig spesiell, og dette har Heidi gjeve tilbakemelding på. Regionen synte forståing, og gjorde endringar.

Me har ikkje hatt aktivitetar utanom treningane og handballturen vår til Stryn, me har hatt ein treningskamp mot J11.



## G14

Trenarar og støtteapparat: Nina Jevnaker, Dag Rune, Tonje Stølen og Anne Kauppi.

For gutar f.2008 og 2007 har tilbodet hausten 2022 vore eit samarbeidslag i regi av ÅTIL. Jotunspelarane er då på utlån ut sesongen. I utgangspunktet skulle det vere eit Jotunlag for 2007 og eit samarbeidslag for 2008, men i og med at begge gruppene var litt få spelarar til å ha eigne lag, og gutane fødd i 2007 mangla trenar, vart laga slegne saman til eitt lag og ei treningsgruppe. Dette tykkjer me ha vore svært vellukka. Me vart til slutt ei flott treningsgruppe på 19 spelarar, noko som gjer at me alltid er mange på trening og får godt «trøkk» der.

Å vere to årskull i lag har vore utviklande, spesielt for dei yngste som har måtta ta nokre steg mot å bli tøffare både på trening og i kamp. Me ser det godt att i spelsituasjonar. Elles har treningane i hovudsak vore bygde opp rundt trivsel, å ha det kjekt på trening og det å skapa samarbeid og samhald. Dei er blitt ei samansveisa gruppa, og det er veldig kjekt. Me har det moro på trening.

Meir handballfagleg sett har me jobba ein del med å arbeide inn enkle trekk, sette fart i kontra og angrep, pådrag og vidarespel, forsvarsarbeid og keeperarbeid. Gutane viser fin utvikling på alle område.

Når det gjeld kampar, har me fått dispensasjon til å bruke tre 07-gutar kvar kamp. Så rullerer me på kven desse tre er frå kamp til kamp. På den eine sida er det kjempeflott at me har fått ein slik rullerande disp. frå regionen, men me ser jo at det blir få kampar på dei eldste gutane. Dette må me berre leve med i år, og me prøver å gjere det beste ut av det. Målet er å få med så mange som mogleg over på G16 til neste år. Me håpar me klarar å halde motivasjonen deira oppe slik at dei held fram med handballen. Ein annan viktig del av å halde på spelarane er at me trenar ein dag i Øvre og ein dag på Tangen. Me har mange tangingar i gruppa, og det er kanskje fordi me også trenar hjå dei, slik at dei ikkje må reise til Øvre kvar trening.

No har me fokus på å fullføre sesongen. Til no har det vorte tre singlar og me håpar på eit par til. Så er målet å runde av med turnering på Elverum i lag med J14 og J16. Det ser me fram til. (bilete neste side)

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**

**Telefaks**

**Foretaksregisteret**  
975 702 308



## J10

Trenarar og oppkvinner: Anita Kristin Sviggum, Hilde Midtum og Zsofia Rezi.

Det er 15 jenter på laget. Og laget trener 1 timae kvar måndag saman med J11. Me har stilt med to lag i år sidan me har så mange spelarar. Det har vore ein del utforringar knytt til turneringar, der Sogndal hadde meldt på ei lag, men møtte aldri opp. Dette laget blei etter kvart trekt. Elles har det vore ein del lag som ikkje har møtt på turnering, slik at det har skapt trøbbel med nytt kampoppsett osv. På turneringar har me spelt mot Vik, Bjørn, Syril og Årdalstangen.

## J11

Trenar: Anette Svori

Oppkvinne: Zsofia Rezi

J11 består av jenter som er fødd i 2011. I starten av sesongen starta me med ni jenter, og no er me 13. Me har trenta saman med J10 denne sesongen, og dette har fungert bra. J11 syner svært stabilt oppmøte på treningane, og det verkar som jentene trivst saman og synest trening er moro. Me trener ein time kvar måndag.

J11 har spelt ti kampar til no denne sesongen, og har igjen to. I starten var det jamt med singlar og tap, men i dei to siste kampane blei solide tap. Det er første sesongen det blir ført mål i kamp, slik at dette er nytt for laget. Alt i alt syner dei ei positiv utvikling med tanke på både angrep- og forsvarsspel, og det er stadig progresjon med tanke på innsats på treningar. Me har hatt ein treningskamp mot G11, og håpar på å få eit par til før sesongen er over.

---

**Postadresse**

IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**

Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon****Telefaks****Foretaksregisteret**

975 702 308

Laget har ikkje hatt noko aktivitetar utanom treningane med tanke på det sosiale. På dei to bortekampane våre til Sandane, hadde me «Jotunbussen», og det fungerte som eit sosialt tiltak. Jentene syntest det var kjempestas, og gler seg til siste kampdag i Førde, då me og skal ha «Jotunbussen». På denne turen håpar me og på å få til eit felles pizzamåltid på Peppes's pizza før me køyrer heim.



### J13

J13 består av jenter født i 2009 og 2010.

Trenarar: Karianne Gudvangen, Geir Inge Agledal og Marita Hestetun.

Oppmann: Me har ingen, slik at Karianne Gudvangen og Marita Hestetun har delt på oppgåva.

Me har per no 11 spelarar som kan delta på kamp. Me var 14 spelarar ved starten på sesongen. Og av dei to som er har slutta, så er det ei som har så smått starta opp att. Me har og ei jente som har pause på grunn av medisinske årsaker.

Me har trening kvar onsdag og torsdag, som varer 1,5 time. Me meiner at ein må ha så pass for å få trena på det ein skal. Det er ein veldig flott og ivrig gjeng med jenter me har.

Jentene syner god utvikling, både med tanke på finteteknikk, samspel, skot og spel med strek. Det er først i år dei har starta med strekspel, og det har vore ein overgang med at det er to fleire spelarar på bana i angrep. Dei også synt framgang med tanke på spel i forsvar.

Me spelar i ein trippelserie med totalt 9 kampar, slik at det har vore ein del avstand mellom kampane. Me har spelt 4 kampar hittil med følgjande resultat: Sogndal- Jotun: 6-10, Bjørn- Jotun: 8-10, Jotun- Sandane: 14-10 og Jotun- Bjørn: 9-2 . Me har 5 kampar att denne sesongen.

Me har ikkje hatt noko sosialt utanom treningane, men me er så heldige at det er to foreldre som har teke busslappen, slik at me kan køyre samla til bortekampar no på nyåret. Det har vore veldig kjekt. Det er ein god, samansveisa gjeng. Me ser fram til at jentene forhåpentleg kan få reise på ein cup på slutten av sesongen med overnatting, det er stas for jentene.



## J14

Trenarar: Sandra Rinde, Terje Sylvarnes og Stine Kauppi Straumsheim.

Denne sesongen har me 17 jenter med oss på laget. Blant desse er det ei som starta med handball att etter nokre år pause, og ei som starta opp att etter ein liten pause. Me er eit samarbeidslag, og har med oss fire jenter som bur på Tangen. Det tykkjer me er veldig kjekt, og synest det er viktig for å halde ungar i aktivitet.

Denne sesongen har me trena tysdagar klokka 19-20, og torsdagar klokka 18.30-20.00. Me har hatt bra oppslutnad på trening, og køyrt nokre felles økter med J16 no på slutten av sesongen.

Serien vår består av 12 lag, der me ut januar har spela ein kamp mot alle lag. Etter januar vart serien delt i to, der me spelar mot dei seks nedste laga på tabellen ein runde til. Det har vore eit bra kampoppsett, og me har spelt mykje bra handball. Alle spelarane vart med på dobbel bortekamp med overnatting i Førde, der hadde me ein kjekk tur.

Med så mange spelarar, har me delt på spelinga. Det er berre 12 jenter som kan vere med på kamp. Da har trenarane gått ut i frå treningsoppmøte og innsats. Det er ei kjekk gruppe å vere saman med, og eit stort potensiale i laget. Me heiar på kvarandre og har det moro både med og utan ball.

Eit godt team er samla rundt gjengen, og det er viktig. Sandra Rinde vart med frå førre sesong, og er ein ressurs på keepersida. I haust vart Terje Sylvarnes med, og får fart på jentene. Han ser dei, og pushar dei

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**

**Telefaks**

**Foretaksregisteret**  
975 702 308

vidare i utviklinga si. Oppkvinne Lisell Måren jobbar med trivsel, dugnad, planlegging og tilrettelegging for både trenarar, foreldre og spelarar. Ei stor takk til alle rundt laget.

Jentene på laget:

Alise Måren Felde, Andrea Fimland Schultz, Andrea Noren Undi, Andrine Nondal, Asta Hetle, Elena Pintilie, Emma Lunde, Ingrid Molland Sanden, Isabella Ramirez Øren, Mari Søvting-Grøv, Martine Kinserdal, Mathea Straumsheim Breivik, Mia Kopperdal, Roaa Shar, Sara Barson, Sara Laberg og Stina Kvale Kvannli.



## J16

J16 er ein ivrig handballgjeng, som har godt oppmøte på alle treningar. På laget er det fire jenter fødd i 2007, åtte jenter fødd i 2006, og ei jente på dispensasjon frå 2005. Me trenar 3 gonger i veka. To av desse øktene er saman med kvinner senior.

Mange av jentene har hatt ei god utvikling denne sesongen. Det har hatt godt effekt å ha felles trening med damelaget. Det er mellom 20- 25 spelarar på treningane.

Trenarane er Jannicke Øyre Nundal, Vibeke Fusche Moe, Adelheid Nes og Marianne Hestetun. Marita Lindborg er oppkvinne, og ordnar alt det praktiske rundt laget.

Prestasjonane er varierende i kampane. Kampane har vore jamne med knepne tap. No ligg me på sjuande plass. Me har spelt 11 kampar, og har fire singlar og sju tap. Me ligg midt på tabellen med fleire lag på lik poengsum. Nokre av jentene som er fødd i 2006 har fått prøvd seg på seniorkampar, og greidd seg godt.

Me har hatt tre fine borteturar med hotellovernatting og kosa oss i lag. Jentene likar godt å spela heimekampar med masse folk på tribuna. Etter sesongslutt vert det avslutningsfest og cup. Me håpar alle 05 og 06- jentene tek steget opp til damelaget neste sesong. (Bilete på neste side)



### Kvinner senior

På Kvinner senior er me 21 damer i alderen 17 til 32 år. Me starta oppkøyringa i juni månad. Målsettinga var å få ei god treningsgruppe, der det er rom for alle. Ambisjonsnivået er ulikt hjå den enkelte, og treningsmengda er ulik. Me har brukt tid på å bli kjend og bygga opp laget, då mange ikkje har spelt i lag før og hatt lang handballpause.

Me har to treningar i veka i lag med J16. Me har hatt nokre skader i starten og fråfall pga. svangerskap. Det tek tid å bygga opp eit lag og prestasjonane har vore variable. I skrivande stund ligg me på 9 plass med to singlar og 9 tap. Men i mange kampar har me spelt periodevis jamt med laga. Alle spelarane har fått tilbod om å spela. Jenter frå J16 har og blitt teke opp på kampar.

I trenarteamet er Jannicke Øyre Nundal, Vibeke Fusche Moe, Marianne Hestetun og Adelheid Nes. Oppkvinne er Ellen Veum som ordnar alt det praktiske for laget.

Me har hatt to fine borteturar med overnatting på hotell og i campinghytter. Ein ser at damene trivst godt i lag. Før jul samlast jentene på julebord på Tya. Me håpar å holda på denne gjengen til neste sesong, og bygga vidare på dette laget.

